





DEN NORSKE KYRKJA  
Stedje sokneråd

## Årsmelding 2019



### Medlemmar i Soknerådet til og med 31. oktober 2019

|                                |                                                                        |
|--------------------------------|------------------------------------------------------------------------|
| Astrid Hove                    | Leiar, og repr. i arbeidsutval for soknerådet, vara til diakoniutvalet |
| Per Hilleren                   | Nestleiar, representant i Fellesrådet og i arbeidsutvalet              |
| Sissel Aina Vatnamot<br>Åberge | Representant i diakoniutvalet, vara til trusopplæringsnemnda           |
| Lise Elvagjeng                 | Representant i redaksjonsnemnda for kyrkjelydsbladet                   |
| Målfrid Myrkaskog Husnes       | Varamedlem i Fellesrådet                                               |
| Ottar Husum                    | Representant i trusopplæringsutvalet                                   |
| Kjell Olav Nordheim            | Representant i arbeidsutvalet                                          |
| Gro Lerum Bondevik             | Skrivar                                                                |
| Jan Gunnar Bøthun              |                                                                        |
| Odd Solberg                    | 1. vara                                                                |
| Omar Eggum                     | 2. vara                                                                |
| Ingrid Monsen                  | 3. vara                                                                |
| Jofrid Rogne                   | 4.vara                                                                 |

|          |                    |
|----------|--------------------|
|          |                    |
| Kasserar | Leif Arne Nordheim |
| Revisor  | Jostein Flatland   |





DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd

### Medlemmar i Soknerådet frå 01.11.2019

|                            |                                                                                     |
|----------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| Helge Torstad              | Leiar, medlem av arbeidsutval for soknerådet                                        |
| Kari Torhild Kvåle         | Nestleiar, medlem arbeidsutvalet og repr. i ungdomsarbeidsutvalet                   |
| Bente Karin Vatablestad    | Representant i diakoniutvalet                                                       |
| Berit Amundsen             | Skrivar og medlem i arbeidsutvalet, vara til redaksjonsutvalet for kyrkjelydsbladet |
| Per Hilleren               | Representant i Fellesrådet                                                          |
| Hans Magne Kvåle           | Representant i trusopplæringsutvalet                                                |
| Eldbjørg Reppen Ølnes      | Vara til diakoniutvalet                                                             |
| Bjørn Skjeldestad          | Representant i styret for kyrkjelydshytta, vara til fellesrådet                     |
| Mikael Brun                | Sokneprest                                                                          |
| Sigfred Stenehem           | 1. vara                                                                             |
| Lars Helge Flugheim        | 2. vara, vara til styret for kyrkjelydshytta                                        |
| Aashild Vikdal             | 3. vara, vara til trusopplæringsutvalet                                             |
| Oddbjørg Borgny Uglum      | 4. Vara og vara til ungdomsarbeidsutvalet                                           |
| Ingunn Karin Torstad Løvik | 5. Vara og representant i redaksjonsnemnda for kyrkjelydsbladet                     |



|          |                    |
|----------|--------------------|
|          |                    |
| Kasserar | Leif Arne Nordheim |
| Revisor  | Jostein Flatland   |

Soknerådet har i 2019 hatt i alt 7 møte (2 møte i det nyvalde rådet etter 1. november), og handsama i alt 35 saker.

Årsmøte i 2019 vart halde i Stedje kyrkje onsdag 20. mars.

## Andre verv

Ein del nye vart valde hausten 2019 – Desse endringane kjem med på årsmeldinga for 2020

|                                                                                                                                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Styret for Kyrkjelydshytta</b>                                                                                                                                                                           | Formann Rolf Arvid Leirdal, Anne Kristin Gunvordal, Randi Kollsete, Karstein Bergheim og Ove Bukholm.                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Kontakt for Kirkens Nødhjelp</b>                                                                                                                                                                         | Grete Tubbene                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Kontaktperson for bibelselskapet</b>                                                                                                                                                                     | Stein Bondevik og Guri Høstaker Norheim                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Ansvarleg for kyrkjevertane</b>                                                                                                                                                                          | Soknerådet v/kyrkjekontoret, Torunn E. Skjelbred.                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Kyrkjekaffilistene</b>                                                                                                                                                                                   | Soknerådet v/kyrkjekontoret, Torunn E. Skjelbred.                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Felles diakoniutval</b><br>Medlemar frå alle fem sokneråda i Fellesrådsområdet. Dei er ei ressurs- og drøftingsgruppe, som saman med diakonen koordinerer tiltak, drøftar aktuelle prosjekt og tenester. | <b>Dei valde for perioden 2015-2019 er :</b><br>Stedje: Sissel Aina V.Åberge, (Astrid Hove, vara) , Norum: Anne Marit Venes (Heidi Fondenes, vara) Fjærland: Berit Orheim <b>Leiar</b> ( Marit L.Mundal, vara) Kaupanger: Geir Bøyum, vara ikkje vald. Leikanger: Åse Kongsvik. (Synneva Husabø, vara). |
| <b>Felles trusopplæringsutval</b>                                                                                                                                                                           | Hege Askvik (leiar, Leikanger), Ottar Husum(Stedje), Berit Orheim (skrivar, Fjærland), Kari Alme (Kaupanger), Anne Marit Venes (Norum) Monica Ugulsvik (kyrkjelydspedagog)                                                                                                                              |
| <b>Forstanderskapet Stedjetunet (frå Stedje sokn)</b>                                                                                                                                                       | Marit Ellingsen (leiar), Are Kvistad, Gøril Vikøren, Arne Flatland, Målfrid Myrkaskog Husnes, Per Jarle Sætre (vara), Sigmar Åberge (vara)                                                                                                                                                              |
| <b>Styret for stiftingi Stedjetunet</b>                                                                                                                                                                     | Aud Marie Stundal, Helge Torstad, Ove Bukholm, Wenche Torvanger, Gudrun Skjerdal.                                                                                                                                                                                                                       |



## Tilsette i kyrkja

|                                 |                                                            |
|---------------------------------|------------------------------------------------------------|
| <b>Leiande kyrkjetenar</b>      | Bente Leirdal                                              |
| <b>Kantor</b>                   | Arild Slinde<br>Hallgeir Øgaard Westli                     |
| <b>Soknediakon</b>              | Gitte Therkelsen Torstad                                   |
| <b>Kyrkjevevje</b>              | Jorunn Merete Haukås-Eide                                  |
| <b>Assisterande kyrkjevevje</b> | Magny Ugulsvik Bukholm                                     |
| <b>Sekretær/prostesekretær</b>  | Torunn E. Skjelbred                                        |
| <b>Kyrkjelydspedagog</b>        | Monica Ugulsvik<br>Birte Husum frå august                  |
| <b>Sokneprest</b>               | Kjell Olav Høstaker Nordheim<br>Mikael Brun frå 25. august |
| <b>Prost</b>                    | Kjetil Netland – frå Geir Paulsen                          |
| <b>Ungdoms- og studentprest</b> | Andreas Danbolt                                            |

## Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Stedje kyrkje har gudstenester tre av fire sundagar. I løpet av året er nokre av desse friluftsgudstenester, eller felles gudstenester med andre sokn. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene, gudstenester for skule og barnehage, gudstenester på institusjon- og nokre særskilde gudstenester på kvardagar.

|                                    | 2019        | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|------------------------------------|-------------|------|------|------|------|------|
| Tal gudstenester, totalt           | <b>57</b>   | 61   | 57   | 63   | 58   | 57   |
| Samla tal deltakarar               | <b>6367</b> | 6408 | 6440 | 7257 | 6866 | 6595 |
| Gjennomsnitt deltakartal           | <b>111</b>  | 105  | 113  | 115  | 118  | 116  |
| Søndagsgudstenester                | <b>44</b>   | 48   | 41   | 48   | 50   | -    |
| Totalt deltakartal                 | <b>4833</b> | 5004 | 4892 | 5320 | 6088 |      |
| Gudstenester utanom søn/helg       | <b>15</b>   | 13   | 16   | 15   | 8    | -    |
| Toltalt deltakartal                | <b>1534</b> | 1404 | 1548 | 1937 | 778  |      |
| Tal familiegudstenester            | <b>3</b>    | 5    | 8    | 8    | 7    | -    |
| Totalt deltakartal                 | <b>430</b>  | 880  | 1333 | 1245 | 1194 |      |
| Gudstenester med nattverd          | <b>32</b>   | 33   | 31   | 35   | 34   | 31   |
| Deltakartal skule-gudstenester     | <b>382</b>  | 609  | 645  | 608  | 576  | 715  |
| Deltakartal barnehage-gudstenester | <b>246</b>  | 270  | -    | 180  | -    | -    |
| Deltakartal Julafte-gudstenester   | <b>748</b>  | 909  | 821  | 878  | 766  | 656  |





## Kyrkjelege handlingar 2019

|                       | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|
| Gudstenester med dåp  | 18   | 22   | 18   | 21   | 21   | -    |
| Totalt tal deltakarar | 2041 | 2342 | 2287 | 2567 | 2263 | -    |
| Tal døypte            | 42   | 35   | 37   | 43   | 37   | 46   |
| Konfirmerte           | 49   | 54   | 52   | 62   | 54   | 55   |
| Vigsler               | 5    | 6    | 5    | 4    | 5    | 1    |
| Gravferder            | 42   | 40   | 28   | 50   | 34   | 33   |

Skule

## Offer og innsamlingar

I alt vart det gitt kr 163.410,- (kr. 153.697,- i 2018) i offer under gudstenestene.

Av dette var kr 86369,- til kyrkjelydsarbeidet (kr 89.016,- i 2018).

Andre innsamlingar, basarar mm. utgjorde til saman kr 214.093. Av dette gjekk kr. 146.117 til kyrkjelyden si verksemd.

## Fasteaksjonen

Ved fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp, arrangert av soknerådet og konfirmantane den 9. april 2019, vart det samla inn i alt kr 67.976,- (kr. 71.608,- i 2018).



Juletefest 2018

## Utegudsteneste i sentrumsparken 10. juni

Pinsen kan kallast kyrkja si bursdagsfeiring, og det er eit godt høve til å markere at evangeliet er for alle. Mange stader har det vore ein flott skikk at ein på andre pinsedag kjem saman frå ulike kristne samanhengar og skipar ei felleskristen gudstenestefeiring.

I 2018 vart det første gong feira utegudsteneste i den flotte sentrumsparken i Sogndal på ettermiddagen 2. pinsedag.

Også i 2019 arrangerte Stedje kyrkjelyd og Sogndal Indremisjonsforsamling felles gudsteneste i sentrumsparken. Det var skriftlesing, lovsong, appell, bøn og nattverd. I etterkant var det kaffi og noko attåt. Det var godt over 100 fram møtte.

Bileta nedanfor er frå utegudstenesta i 2018.



## Diakonitenesta i kyrkja

- Kyrkja sitt "kroppsspråk", som eit uttrykk for samanhengen mellom liv og lære, tru og handling.
- Ein dimensjon ved det å vere kyrkje som skal gjennomsyra kyrkjelyden sitt fellesskap og oppdrag i møte med menneske i alle aldrar; i gudstenestefeiring, forkynning og teneste.

### Diakonen skal

- leie kyrkjelyden si omsorgsteneste og legge til rette for fellesskapsbyggande arbeid.
- styrkje kyrkjelyden sitt arbeid med å hindre og avhjelpе menneskeleg nød.
- styrkje og fremje diakonal haldning og handling i lokalsamfunnet.
- ha gudstenestelege oppgåver.
- ha medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar.  
(Frå Stillingsinstruks for diakon 2012, og Tjenesteordning for diakonar, 2004).

Gitte Therkelsen Torstad hadde 100 % stilling som soknediakon i 2019.

#### Nokre arbeidsområde for diakonen

- |                               |                                      |
|-------------------------------|--------------------------------------|
| • Konfirmentarbeid            | • Open kyrkje i Stedje               |
| • Sorgarbeid                  | • Kyrkjelydsbladet                   |
| • Sjelesorg                   | • Juletefest i Stedje kyrkje         |
| • Venneteneste/besøkssteneste | • Dåpsring og Kyrkjering i Stedje    |
| • Gudstenester og soknebod    | • Kyrkjelydstur for eldre            |
| • Kvardagstru                 | • Frivilligarbeid                    |
| • Gravferd                    | • Kyrkjelydshytta sin basar/open dag |
| • Andaktar                    |                                      |



Juletefest i Stedje kyrkje



## Tankar om det diakonale arbeidet framover

*Å vere ei diakonal kyrkje handlar om å vere, ikkje berre å gjere. Det skal vere godt å vere del av fellesskapet, finne ro og meining, og bli sett. Diakoni har mange aspekt og utfordringar ved seg, anten det gjeld oppgåver for born eller vaksne. Trua ber frukt i form av gjerningar; som hjelp og støtte til andre. Kyrkja vil vere inkluderande og open for det som rører seg i kyrkjelyden og i samfunnet rundt, det føreset at vi engasjerer oss!*

*Det diakonale arbeidet må balansera og prioritera mellom ulike behov som kjem fram, og ut frå dei ressursar vi som kyrkjelyd har. Vi lever i spenninga mellom eigne ressursar, men vi skal ikkje gløyme at Gud sine ressursar er utømmelige, og dei er for oss i vår teneste.*

*Det diakonale arbeidet er såleis dynamisk, dvs. i endring og utvikling sjølv om noko er fast. Vi satsar på nokre kontinuerlege oppgåver som går sin gang med berre mindre justeringar undervegs.*

- *Det er eit ynskje at fleire vil finne sin plass i fellesskapet. Vi høyrer sammen med kvarandre, anten det er til gudsteneste, i trusopplæringsarbeidet eller på andre møteplassar i kyrkja, – det er plass til alle til å vere med, til teneste og oppgåve.*
- *Inntil Stedje kyrkjelyd har eit nytt forsamlingslokale, vert kyrkjelyden utfordra på å vere både kreativ og fleksibel til å finne gode tenlege løysningar for aktiviteten sin. For å både ivareta og vidareføre kyrkjelyden sitt arbeid, vert det nødvendig at alle partar må samarbeide kanskje enno meir enn tidlegare.*



## Frivillige sitt diakonale engasjement

Kyrkja sitt fellesskap gir rom for at alle døypte kan ha ei teneste med oppgåver og ansvar for sine medmenneske, ut frå sine evner og ressursar.

- Andakter ved Sogndal Omsorgssenter.
- Kyrkjevert
- Kyrjekaffiteneste
- Medliturgar /tekstlesarar.
- Besøksteneste, organisert eller meir «privat» (vert ikkje registrert)
- Dugnad på kyrkjegarden og i kyrkja
- Medhjelparar i konfirmantarbeidet og i trusopplæringa.
- Dåpsringen i Stedje
- Kyrkjeringen av menn med dugnad
- Kyrkjelydstur
- Forsangergruppe og andre musikarar som bidreg
- Komitearbeid for ulike arrangement

**I 2019 var det totalt 284 frivillige medarbeidarar engasjert i arbeidet i kyrkjelyden**

## Frivilligarbeid 2019

Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidarar vart etter handsaming i sokneråda formelt vedteken i stabsmøte 23.04.19. Planen er tilgjengeleg på kyrkja si nettside.

Planarbeidet vart starta opp i 2018 etter oppmoding frå biskopen. I følgje planen har prosjektgruppa eit ansvar for å hjelpe sokneråda med utarbeiding av rutineskildringar og etablere ei ordning med frivillige gruppeleiarar, der det høver. Dette arbeidet vart starta opp i Stedje sokn hausten 2019 og vil halde fram i 2020.

Diakon har medansvar for frivillige si teneste i kyrkjelydane med tanke på oppfølging, informasjon, opplæring og kurstilbod. Dette arbeidet vert no strukturert gjennom det pågåande prosjektet.



## Trusopplæringa i Stedje sokn

Stedje sokn jobbar etter ein trusopplæringsplan (revidert i 2018) som gjer greie for gjennomføring av ulike alderstilpassa tiltak og konkrete læringsmål med tema: «Kyrkja si tru og tradisjon», «Livstolking og livsmeistring» og «Kristen tru i praksis».

2019 var eit spesielt år for trusopplæringa p.g.a sjumelding og permisjon. Birte Husum starta som ny trusopplærar 5.august.

Fleire frivillege flytta sommaren 2019, og det førte til at koret Soul Children, Små trolltrall og tysdagsklubben/onsdagsklubben (søndagsskule på kvardag) ikkje starta opp att til hausten.

Det er éin aktiv søndagsskule i soknet for tida, Notsete søndagsskule, drive av Ester og Leif Arne Nordheim. Birte og Ottar Husum har drive Gjesthaugen/Torstad søndagsskule tidlegare, og arrangerte juletefest i 2019.

### Dåp

Det vert halde dåpssamtale med alle som vil døypa seg i kyrkja (uavhengig av alder). Dette er ein samtale med presten, der det blant anna blir gitt informasjon om ulike tilbod som kyrkja vil gi gjennom

### Samarbeid med barnehagar

Det er eit godt samarbeid med barnehagane i kommunen. Me har fleire treffpunkt i kyrkja, særleg i desember. Då møter me dei eldste borna til julevandring. Då vandrar born og vaksne saman frå Stedje til Betlehem over 2000 år tilbake i tid.

Juleevangeliet vert opplevd gjennom at borna blir tildelt ulike rollar me kjenner frå juleevangeliet, før samlinga vert avslutta med at juleevangeliet blir lest.



Kyrkjesekken er ein aktivitetssekk for barn til bruk under gudsteneste

Kyrkjesekken kom i bruk i 2018





## Trus- opp- læringa 2019

| Tiltak                                                                                       | Tal deltakarar                                                             | Kommentar                                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Babysong Stedje kapell                                                                       | 28 (stedje sokn)<br>2 ( frå Kaupanger)<br>1 (frå Norum)<br>Totalt 31 innom | Det var ikkje babysong om våren 2019, grunna sjukemelding.                                                                                                                                                             |
| Dåpssamtalar                                                                                 | 44. Utgjer 85%                                                             |                                                                                                                                                                                                                        |
| Småttrolltrall (1-3 år)                                                                      | 6                                                                          | Berre vårsemesteret                                                                                                                                                                                                    |
| 4-årsbok vår og haust                                                                        | 18 (av 37 inviterte)                                                       | Nedgang sidan siste åra.                                                                                                                                                                                               |
| Sprell Levande gudsteneste                                                                   | 27 barn i alderen 4-10 år                                                  |                                                                                                                                                                                                                        |
| Påskefest for alle med 6-årsbok-utdeling                                                     | 17 (av 50)                                                                 | Konfirmantar var med og underviste seksåringane på førsamling.                                                                                                                                                         |
| Skulestartgudsteneste med utdeling av arbeidshefte til 6-åringar                             | 13 (av 50)                                                                 | Ein ser at det er lav oppslutnad. Me vil sjå på kva me kan gjere med dette vidare.                                                                                                                                     |
| Tårnagentdag i Ølmheim kyrkje, for 8-åringar. Alle 5 sokna invitert.                         | 10 (av 48)                                                                 | I tillegg 15 born frå ei andre sokna. 12 englevakter. Ein aktiv dag, der tårnagentane fekk utforske kyrkja, knekke kodar og lære mykje spennande. Særs gode tilbakemeldingar frå både born og vaksne.                  |
| Utdeling av 11-årsbibel                                                                      | 18 (av 46)                                                                 |                                                                                                                                                                                                                        |
| LYS VAKEN for 11-åringar i Leikanger kyrkje, siste helga før advent. Alle 5 sokna inviterte. | 4 (av 46)                                                                  | I tillegg 8 barn frå ei andre sokna. Møttest kl 18 laurdagen, med opplegg fram til midnatt (leik, moro, film, godteri, gudstenesteplanlegging). Overnatting i kyrkja. Avslutta med frukost og gudsteneste dagen etter. |
| Konfirmasjon                                                                                 | 49 av 52, utgjer 94%                                                       | Ein ser at det framleis er god oppslutnad om kyrkjeleg konfirmasjon i Stedje sokn.                                                                                                                                     |



## Trusopplæring i Stedje sokn

- Utdeling av «Mi kyrkjebok 4» til firåringane
- Utdeling av «Mi kyrkjebok 6» til seksåringane
- Utdeling av «Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga» til elleveåringane
- Gudstenester retta mot born -«Sprell-levande» gudstenester
- Hausttakkefest saman med Stedje barnehage
- Det var 187 barn innom kyrkja på adventsvandring (24), julepynting av kyrkja (33) og barnehage-førjulssamlinga (130). Nokre av borna var med på alle opplegga.

Det er mange frivillege som deltek i trusopplæringsarbeidet. Spesielt dei store breiddetiltaka krev mykje. Det er ein fast stab på 4 frivillege med på babysong i kapellet.

*- ein stor takk til alle som legg ned tid og krefter i dette viktige arbeidet!!*



Hausttakkefest



Barnehagen pyntar kyrkja til jul

## Konfirmantarbeid – hausten 2018 og våren 2019

- Konfirmantåret starta med «kick off» i Stedje kyrkje torsdag 22. august for alle konfirmantane i fellesrådsområdet. Her var og foreldre med, og dei fekk eit innblikk i korleis konfirmantåret skulle sjå ut. Deretter hadde me individuelle samtalar med alle konfirmantane.
- I løpet av hausten var konfirmantane med på skaparverks-tur til kyrkjelydshytta, undervisningssamlingar, lysmesse og på heimegruppesamlingar.
- Mykje av undervisninga har føregått på laurdagssamlingar, totalt 4 laurdagar. På samlingane har konfirmantane fått undervisning om sentrale tema i den kristne trua gjennom aktivitetar og ulike pedagogiske tilnærmingar både ute og inne. Konfirmantane var fordelt på ulike samtalegrupper gjennom hausten. 8 heimar opna dørene sine og tok imot ei konfirmantgruppe.
- I januar 2019 reiste vi på konfirmantleir på Lyngmo. Dette vart for mange høgdepunktet. Våren 2019 valde konfirmantane ulike grupper dei kunne være med i. Mange var med på Basecamp, Sogndal Indremisjon sin ungdomsklubb, KRIK-gruppe, medhjelpar på NMS gjenbruksbutikken, heimegrupper, og nokon vart med på ungdomsleir på Lyngmo. På denne måten fekk konfirmantane kjennskap til kristne aktivitetar i nærmiljøet.
- Siste tysdag før påske var konfirmantar og foreldre med på fasteaksjonen. Foreldre har og vore aktive på dugnadar og anna i regi av kyrkjelyden. Det skal og nemnast at frivillige som har vore med i konfirmantarbeidet har vore til stor nytte og glede for konfirmantar og tilsette.
- 49 konfirmantar som sokner til Stedje vart konfirmert, og vi hadde i fellesrådsområdet om lag 40 frivillige med små og store oppgåver med oss. Ein stor takk til alle desse.





Konfirmasjon i Stedje kyrkje

## Ungdomsarbeid

Den 13.03.19 vedtok soknerådet å greie ut ei ordning med eit ungdomsarbeidsutval, og det vart sett ned ei arbeidsgruppa med ungdomspresten som leiar. Arbeidsgruppa sitt framlegg til mandat, oppgåver og samansetjing for eit ungdomsarbeidsutval i Stedje sokn vart vedteke av soknerådet den 28.08.19. Utvalet skal ha 6 medlemar der halvparten er på val kvart år. Faste medlemar er ungdomspresten, ein representant frå soknerådet og ein frå Stedjetunet. Utvalet skal vere eit støtteapparat for aktørar som driv kyrkjeleg /kristeleg aktivitet i Stedje sokn. Utvalet skal syte for planlegging, tilrettelegging, kontinuitet og stabilitet, men treng ikkje drive dei ulike aktivitetane. Prioriterte oppgåver er etablering av eit ungdomsforum, leiaropplæring for ungdom og etablering av eit kor.



## Spesielle arrangement gjennom året 2019

- Juletrefest i Stedje kyrkje 3. januar
- Kyrkjelydens årsfest 22. mars i Frelsesarmeen
- Gospelkonsert med Gospelkoret Glimt 7. april
- Fasteaksjon 9. april
- Utegudsteneste i sentrumsparken 10. juni
- Basar til inntekt for Stedjetunet den 6. juni
- Dugnad på kyrkjegarden 19. april og 23. oktober
- Orgelkonsert med russiske Daniel Zaretsky mandag 5. august
- Avskilsgudsteneste for sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim 4. august
- Kyrkjelydstur til Undredal 17. august
- Innsettingsgudsteneste for sokneprest Mikael Brun 25. august
- Basar til inntekt for kyrkjelydshytta
- Kyrkjekaffi på hausttakkefesten 29. september
- Orgelkonsert med kantor i Leikanger kyrkje Hallgeir Øgaard Westli 17. oktober
- Medarbeidersamling i Stedje kyrkje 26. september
- Gospelgudsteneste med gospelkoret Glimt 10. november
- Salmekveld med Helge Gudmundsen og Dalklang 29. november
- Konsert med Sogndal songlag og distriktsmusikarar 8. desember
- «Vi syng jula inn» med Birte Husum og Dalklang 22. desember
- Julekonsert med Trudvang skule, organist Arild Slinde og musikarar 19. desember
- Kvardagstru – eit undervisningsopplegg over fleire ettermiddagar
- Stille kveld i Stedje kyrkje mange onsdagar etter initiativ frå Astrid og Stein Bondevik
- Open kyrkje 56 dagar/kveldar



Mange ville takke Kjell Olav  
då han slutta som sokneprest

I alt 6 konsertar el.  
musikkandaktar vart  
haldne .  
1192 deltakarar

Det blei utført 128  
sjelesorgsamtalar i  
kyrkjelyden

Babysong hadde  
31 ulike deltakarar  
Hausten 2019

Skule-kyrkje-samarbeid:  
7 besøk av barnehagar  
1 besøk av skuleklasse

Gospelgudsteneste  
i Stedje kyrkje  
m/ gospelkoret Glimt  
og ungdomsprest Andreas Danbolt



60 andakter vart haldne i  
institusjon/aldersheim

69 besøk vart gjennomført  
av besøkstenesta

## Gløtt frå hendingar i 2019

### Kyrkjelydstur til Undredal 17. august

Årets kyrkjelydstur gjekk til Undredal med stopp også i Aurland. Turleiar var kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide.

Kyrkjelydsturen er populær og bussen var full.

Ei stor takk til Leighs legat for økonomisk støtte til kyrkjelydsturen.



Stavkyrkja i Undredal frå 1147 var eit sjølv sagt mål for turen og her møtte turdeltakarane den dyktige guiden Geir André Gilbu.



Det var også stopp i Vangen kyrkje i Aurland frå 1202 der Noralv Distad fortalte om kyrkja si historie og plass i samfunnet.

Føremål med turen var:

- Kyrkjelyds- og fellesskapsbyggande fokus
- Utforskning av lokal –og nærmiljøet
- Naturopplevingar og
- Historieformidling og kulturutveksling



Leif Inge Underdal i aksjon, kjend som kulturformidar og drivar av Nærbutikken i Undredal. Han er bror til Kyrkjevergen Jorunn Merete.





Trudvang skule hadde sine to årvisse julekonsertar med nær 140 4. og 5. klassingar og med til saman 750 tilhøyrarar.



Babysong er ein populær aktivitet



Det er dugnad på kyrkjegarden både vår og haust

Salmekveld i Stedje kyrkje 29.  
november med Helge Gudmundsen  
frå NRK-programmet «Salmeboka  
minutt for minutt».  
Dalklang deltok også.



Mektig julekonsert med Sogndal  
songlag og distriktsmusikarar i Stedje  
kyrkje 8. desember 2019



## Skifte av sokneprest



### Stor takk til sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim

Den 4. august tok kyrkjelyden avskil med sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.

Norheim begynte virket sitt i kyrkjelyden som diakon i 1998, ei teneste han hadde til 2004.

I 2009 kom han tilbake som prestevikar samstundes som han tok utdanning som prest, og i 2014 fekk han teneste som sokneprest.

Kyrkjelyden har sett stor pris på Kjell Olav gjennom alle desse åra. Han vann heile bygda sine hjarte med sitt opne vesen og ikkje minst flotte songrøyst.

### Mikael Brun er ny sokneprest

Den 25. august fekk Stedje sokn ny sokneprest då Mikael Brun vart innsett i tenesta.

Kyrkjelyden ønskjer den nye soknepresten lukke til i tenesta!



## Kyrkjelydshytta på Nærestad i Sogndalsdalen



Gjennom heile året var det mange ildsjeler som la ned eit stort arbeid med å modernisere kyrkjelydshytta.

Alle desse fortener ein stor takk.



Den 18. september var det basar til inntekt for kyrkjelydshytta.



Soknerådet vil til slutt rette ei varm takk til alle samarbeidspartnerar og til alle tilsette og frivillige som har vore med og gjort ein innsats i kyrkjelyden i 2019.

Det nyvalde soknerådet vil også takke soknerådet som gjekk av den 31. oktober 2019 etter fire år i teneste for Stedje sokn.

Vi ynskjer at 2020 skal verta eit godt år for kyrkja og kyrkjelyden vår.

Stedje sokneråd, mars 2020

Helge Torstad (leiar)



Stedje sokneråd 2015 - 2019: Bak f.v: Jan Gunnar Bøthun, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Per Hilleren, Ove Bukholm (leiar og medlem fram til 19.februar 18), Ottar Husum, Lise Elvagjeng, Astrid Hove. Framme f.v: Sissel Aina Vatnamot Åberge, Gro Lerum Bondevik, Målfrid Myrkaskog Husnes

## Stedjetunet

Bygginga av det nye Stedjetunet kom i gang på tampen av 2019. Alle ser fram til at bygget vert ferdig og kan bli både kyrkjelyden og heile lokalsamfunnet si nye storstove.



Forsamlingssal i  
nye Stedjetunet